

# **Lokal forskrift om gebyr etter plan- og bygningsloven, matrikkellova, eigarseksjonslova og forureiningslova - Tokke kommune**

Heimel: Plan- og bygningsloven § 33-1, jf. byggesaksforskrifta, Matrikkellova § 32, jf. matrikkelforskrifta, Eigarseksjonslova § 15 og Forureiningslova § 11-4.

Vedtak: Tokke kommune ..... 2021  
Ikraftsetjing: 1. januar 2022

## **Kapittel 1 – Generelle føresegner**

### **§ 1.1 Formålet og verkeområdet til forskrifta**

Forskrifta gir føresegner om betaling av gebyr for sakshandsaming kommunen gjer etter lov og forskrifter for følgjande gebyrtenestar:

- Private planforslag etter plan- og bygningslova
- Bygge-, dele- og dispensasjonssaker etter plan- og bygningslova
- Seksjonering etter eigarseksjonslova
- Oppmåling etter matrikkellova
- Utsleppssaker etter forureiningslova

Gebyr etter dette regulativ betalast etter faktura laga av kommunen. Kommunen kan krevje betaling før forretning gjennomførast, arbeid blir igangsett eller før løye/vedtak fattast. Alle prisar er angitt i norske kroner. Det reknast ikkje meirverdiavgift på gebyr etter plan- og bygningsloven, matrikkellova eller eigarseksjonsloven.

### **§ 1.2 Betalingsplikt**

Alle som får utført tenestar etter dette regulativ skal betale gebyr.

Kommunen krev i tillegg inn tinglysingsgebyr og dokumentavgift i saker der kommunen må forsotere dette.

### **§ 1.3 Tidspunkt for gebyrfastsetjing og fakturering**

Gebyr etter plan- og bygningslova og eigarseksjonslova reknast etter dei satsar som gjeld på tidspunktet komplett sak blir motteke i kommunen, med mindre noko anna kjem fram av regulativet.

Gebyr for bygge-, dele-, plan-, seksjonerings-, dispensasjonssakar og utsleppssaker, blir fakturert når vedtak fattast.

Gebyr etter matrikkellova reknast etter dei satsar som gjeld når saken fremmest, jf. matrikkelforskrifta § 16 og blir fakturert etter at oppmålingsforretning er haldne og registrerte i matrikkelen til kommunen.

Gebyret forfell til betaling 30 dagar etter fakturadato. Ved for sein betaling kjem purregebyr etter inkassoforskrifta.

Gebyret må betalast og forfell uansett om vedtaket er klaga på, eller det er søkt om reduksjon av gebyr.

### **§ 1.4 Gebyr og prisar i regulativet**

Gebyra i regulativet reflekterer arbeidet kommunen har med dei ulike sakstypane og blir rekna i samsvar med sjølvkostprinsippet. Samla fakturert gebyr dekkjer sakshandsaming, administrasjonskostnader, tilsyn med vidare.

Gebyrregulativet blir vedtatt årleg av kommunestyret som har høve til å prisa gebyra lågare enn sjølvkost.

### **§ 1.5 Sakkunnig bistand**

Der kommunen leiger inn sakkunnig bistand for kontroll, fråsegner, vurderingar ut frå lov- og forskriftskrav og liknande, vil kostnadane for slik bistand bli lagt til gebyret. I tillegg blir det fakturert for medgått tid for arbeidet kommunen har med å henta inn slik bistand.

### **§ 1.6 Klage**

Når gebyret har heimel i plan- og bygningslova § 33-1, matrikkellova § 32 eller eigarseksjonslova § 15, er det ikkje høve til å klage på gebyret i den enkelte saka. Enkeltvedtak etter § 1.7 om urimeleg gebyr kan klagast på til Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark etter reglane i forvaltningslova.

### **§ 1.7 Urimeleg gebyr**

Dersom kommunen etter eiga vurdering eller etter skriftleg søknad ser på gebyret som klart urimeleg, kan gebyret setjast ned. Søknad om redusert gebyr utset ikkje betalingsfrista.

### **§ 1.8 Avslag**

Sakshandsaminga vurderast som avslutta dersom det ikkje er sendt klage innan utløpet til klagefristen. For å etterleva sjølvkostreglane skal det ved avslag betalast 100 % av ordinært gebyr. Beløpet blir ikkje godskrive ved ny eller endra søknad.

### **§ 1.9 Tilbaketrekking av søknad**

Dersom søknad blir trekt attende, skal søker betale ein del av gebyret avhengig av kor langt kommunen har kome i handsaminga av søknaden. Det kjem fram av regulativet kor mykje som skal betalast.